

Perfekt karusell-opning


15.01.2012



Hektisk smøreøkt i familien Haugland: Pål, Cathrine, Astrid, Solveig og Veslemøy

Uskedalen Idrettslag hadde ansvaret for det fyrste karusellrennet denne sesongen. Det gjekk i Fjellhaugen i dag og vart ein suksess på alle måter sjølv om tåka låg tung over fjellet og det var nullføre.

Men rutinerte skismørarar mestra den utfordringa ved hjelp av universalklister og litt raudt og vi overhørde ingen klager over trå ski.



Også familien Bråtun er sterkt engasjert i skisporten. Her har Kari gått i mål og får ein forfriskning av pappa Svein Ove. Deltakinga var ein suksess i seg sjølv ettersom det stilte opp rundt rekna 140 fordelt med nærare 60 i barneskirennnet og 80 i det ordinære rennet etterpå. Det er tydeleg at det no er eit oppdemma behov for fysisk aktivitet. Arrangøren stilte aleine med 22 aktive - det står det respekt av.

Den rutinerte staben til UIL avvikla det heile på prikkfri vis og eitpar innslag sette prikken over i-en. Det eine var speakertenesten ved Sigurd Børve, som var både korrekt og kjapp og det andre serveringen av nysteikte vaflar med drikke til i varmastova som Svanhild Haugland og Kjersti Bråtun hadde ansvaret for. Det tok ikkje lang tid før det var slutt på røra!

Svanhild er mor til den ytterst lovande Ingebjørg som sjølv sagt gjorde det skarpt også denne gangen saman med broren Johannes. Far Lars atilte opp som tidtakar og dermed har vi slått fast at den eine skifamilien med Haugland som etternamn gjorde ein storinnsats i Fjellhaugen i dag.

Men det gjorde i høgste grad også den andre skifamilien med etternamnet Haugland. Astrid som også har vore aktiv var 'bakkemannskap' medan 5 var ute i sporet og her er det viktig å få med alder: Pål (65), Steinar (40), Cathrine (40), Solveig (12) og Veslemøy (11) Med andre ord var 10 blad Haugland fordelt på 2 familiar i aksjon under rennet. Er det nokon betre i distriktet?

Vi må heller ikkje gløyma korleis Kjersti og Svein Ove Bråtun står på saman med den lovande dottera Kari. I dag var han startar og ho som nemnt vaffelsteikar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen